

Austrheim kommune

Oslo, 15.09.2022

Dykkar ref.:

Vår ref. (bes oppgitt ved svar):  
2022/10434

Sakshandsamar :  
Espen Larsen

## Invitasjon til klimasamling for kommunane i Vestland

Alle kommunane i Vestland er invitert til samling i november/desember 2022 for å styrke arbeidet med utsleppskutt.

Samlinga blir arrangert av Miljødirektoratet, Statsforvaltaren og Vestland fylkeskommune, i samarbeid Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ), Cicero senter for klimaforskning og KS.

For å gjere det enklare å delta, blir det samling både i Bergen og i Førde. Kommunen vel sjølv kvar den vil delta, og kan berre delta på ei av samlingane:

- Førde, 24. og 25. november 2022
- Bergen, 1. og 2. desember 2022

Målet er å gje tilsette frå ulike fagområde auka, praktisk kompetanse, og knytte kontakt med kollegaer i andre kommunar, med tanke på framtidig samarbeid og deling på kompetanse og ressursar.

### Kven bør delta?

Vi oppmodar kommunane om å delta med både leiarar og medarbeidarar. Det er mange i kommunen som er viktige for framdrift i klimaarbeidet, og brei deltaking kan auke sjansane for et løft i klimaarbeidet etter samlinga. Leiar og fagansvarlege for klima, miljø og berekraft, innkjøp, næringsutvikling, planlegging (bustad- areal- og transportplanlegging), landbruk, bygg- og eigedomsforvaltning er alle viktige i dette arbeidet – og kanskje også andre.

### Opphald blir dekket av arrangørane

Vi dekker opphaldet for begge dagane, mens kommunane må dekke reisa sjølv. Vi tek sikte på å dekke overnatting for inntil fire personar frå kvar kommune på samlinga.

### **Program og påmelding**

Programmet er under arbeid, og vert fortløpande oppdatert på <https://www.miljodirektoratet.no/aktuelt/arrangementer/2022/november/klimasamling-for-kommunene-i-vestland/> . Her melder du deg også på samlinga. Alle kommunane i Vestland har ein klimakontakt, og vi ber om at klimakontakten samkøyrer kommunens si deltaking, og er kontaktpunkt ovanfor arrangørane.

### **Påmeldingsfrist: 1. november 2022**

Påmeldingsfristen er 1. november. Deltakarar som avbestiller etter 5. november må betale eit avbestillingsgebyr på 1500 kroner for å dekke utgiftene til hotellet som vi ikkje får refundert.

**Spørsmål kan rettes til Gunhild Faugstad**, fmhogfa@statsforvalteren.no, tlf. 55 57 20 02.

Vel møtt til ei viktig samling!

På vegner av arrangørane,

helsing  
Miljødirektoratet

*Dette dokumentet er elektronisk godkjend*

Herdis Laupsa  
seksjonsleder

Espen Larsen  
seniorrådgiver